



Stendal VVS AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar: Ref.:ZEXNSD-
Skjemanr.:3934
Vår: 16/459 - 16/10091

Saksbehandlar:
Kari Elisabeth Io
KEI@lindas.kommune.no

Dato:
14.04.2016

Røyrleggjarmelding - gbnr 123/146 Risa. Tomannsbustad.

Vi viser til røyrleggjarmelding motteke 08.02.2016.

Adresse byggjeplass : Risasjøen, 5955 Lindås
Type bygg : Nybygg tomannsbustad.
Type arbeid : Tilkopling til offentleg vatn og kloakk og utføring av sanitæranlegg.

Røyrleggjarmeldinga er godkjent på følgjande vilkår:

Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.

Dersom det må nyttast trykkauking/reduksjonsventil grunna for lågt eller for høgt trykk, er det konsulent/ansvarleg søkjar/røyrleggjar sitt ansvar å undersøkje om det er naudsynt, og utførande røyrleggjar/abonnett sitt ansvar å sørgja for og kosta dette.

Utforming av anlegg for trykkauke skal beskrivast/teiknast og godkjennast spesielt, før endeleg tilknytning vert utført, jfr standard abonnementsvilkår.

Vi gjer merksam på at det er krav om 90 cm mellom topp hovedavløpsleidning og lavaste sluk i hus. For vassleidning som går gjennom tomt må overdekning vera på minimum 1,20 m på 63 mm. Dersom det ikkje let seg gjera å få nok overdekning på vassleidning, må det gjerast kompensierende tiltak.

Når arbeidet er utført skal det sendast inn ferdigmelding til kommunen m/vedlagt situasjonsplan og innmålingsdata (som bygt).

Faktura for tilknytingsgebyr følgjer vedlagt til søkjar, og vi gjer merksam på at arbeidet skal ikkje igongsetjast før gebyr er betalt. Røyrleggjarfirma pliktar å undersøkje dette før oppstart.



Med helsing

Kari Elisabeth Iø
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bolig & Eiendom AS

Stølen 26

5911

ALVERSUND

Mottakar:

Stendal VVS AS

Blombakken 1

5911

ALVERSUND

